



Arkivnr: 2014/10847-1

Saksbehandlar: Kjetil Sigvaldsen

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.02.2014

## Miljøprogram 2014

#### Samandrag

Framlegget til Miljøprogram for 2014 inneholder midler til ulike satsinger innan miljø- og berekraftfeltet i samsvar med tidlegare praksis. Tilgjengelege midler for 2014 er kr 750.000. Denne saka gjer framlegg om disponeringa av post 716.1 Miljø i fylkesbudsjettet for 2014.

#### Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet vedtek Miljøprogram for 2014, og fordeler disponible midler under post 716.1 Miljø i fylkesbudsjettet for 2014 slik:

Miljøpris	95. 000,-
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	205. 000,-
Tilskot til miljø- og klimaprosjekt	450. 000,-
<b>SUM</b>	<b>750. 000,-</b>

Fylkesrådmannen vert gjeve løyve til å gjere mindre justeringar i budsjettet ved behov.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak 2000-2013.
- 2 Lokale miljø- og klimatiltak 2013.

## Fylkesrådmannen, 29.01.2014

FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro i 1992 vedtok Lokal Agenda 21. Dermed vart lokale styresmakter, lokalsamfunn og frivillige organisasjonar verda over utfordra til å bli blant hovudaktørane i arbeidet for ei berekraftig utvikling. Ved inngangen til 2014 har alle kommunar i Hordaland eigne klimaplanar/ energi- og klimaplan.

Miljøprogrammet i fylkesbudsjettet hadde i fjor følgjande postar:

1. Miljøprisen
2. Tilskot til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag
3. Tilskot til miljø- og klimaprosjekt

### **1. Miljøpris**

Hordaland fylkeskommune har sidan 1992 delt ut ein eigen fylkeskommunal miljøpris. Den skal vere til heider og stimulans for enkeltpersonar, lag, organisasjonar, verksemder m.v. frå Hordaland som har utmerka seg innafor miljøvernarbeidet. Prisen vert delt ut året etter, slik at ein i 2014 vil dele ut prisen for 2013. Prisutdelinga vert lagt fylkestingsmøtet i mars, med utvalsleiar som den som står for overrekkinga. Prisen er ein sjekk på kr 50.000. I tillegg til prisen er det aukande kostnad til annonsering, blomar, diplom m.m.

Det blir laga eiga sak på dette. Ei arbeidsgruppe på tre politikarar går gjennom lista over aktuelle kandidatar og gjer ei tilråding til kultur- og ressursutvalet som gjer vedtak om miljøprisvinnar.

*Budsjett 2014: kr 95.000*

### **2. Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag**

Posten 716.1 Miljø i fylkesbudsjettet vart oppretta i 2012 og skal gi «støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag». For 2013 vart midla fordelt som følgjer:

Organisasjon	Beløp
Naturvernforbundet – Hordaland	100. 000
Norges Miljøvernforbund	50. 000
Framtiden i Våre Hender – Bergen	19. 400
SUM	169. 400

### **3. Tilskot til miljø- og klimaprosjekt**

Midla til lokale miljø- og klimaprosjekt har blir lyste ut og tildelte administrativt.

Desse midla rettar seg mot lag og foreiningar, kommunar, bedrifter eller andre som i fellesskap ønskjer å medverke lokalt til ei miljøvenleg utvikling som fremjar berekraft. Det er vesentleg at ein samarbeider og utviklar felles forståing og vilje til å finne lokale løysingar på staden det gjeld. Opp gjennom åra har prosjekta variert frå å leggje til rette stigar i naturen eller vassdragsrestaurering til Berekraftig liv på Landås eller klimaprogram på Bergen Filmfestival.

*Budsjett 2014: kr 450.000*

**Forslag til disponering av post 716.1 Miljø i 2014**

Miljøpris	95. 000,-
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	205. 000,-
Tilskot til miljø- og klimaprosjekt	449. 000,-
<b>SUM</b>	<b>750. 000,-</b>